



STYREMØTE 3. 9.2012

Rådhuset i Øygarden 09:00 ó 12:00

21/12	Godkjenning av referat frå møtet 4.6.12	
22/12	Status prosjekt Betre saman for barna v/ prosjektleiar Torgeir Sæter	Innbyding til konferanse.doc
23/12	Status prosjekt Plan og byggesak v/ prosjektleiar Torgeir Sæter	
24/12	Kommunedelplanarbeid kva gjeld strandsone og næringsareal	
25/12	Orientering omkring NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus AS v/ direktør Frode Wikne	
26/12	Meldingar: <ul style="list-style-type: none">• Økonomisk oversyn prosjekt• Mandat og rammer Rusomsorg ó prosjekt Vest• Prosjektmandat PasientIKUS	

Sak 21/12 Godkjenning av referat frå styremøtet 04.06.12

Desse møtte: Ordførar og styreleiar Ove Trellevik, Ordførar Siv Høgtun, varaordførar , Ordførar Otto Harkestad, Rådmann Gerhard Inge Storebø, Rådmann Steinar Nesse, Rådmann Odd Magne Utkilen.
Sekretariat: Per Hillestad, Anne-Grete Hareide, informasjonsrådgivar Vagleik Brekke.
Dessutan møtte: Prosjektleiar Torgeir Sæter (sak 11, 12 og 13), Næringsssjef Bård Sandal (sak 10/12) Rådgjevar Totland BRB (sak 10/12)

09/12	Referat frå møtet 23.01.12 <u>Vedtak:</u> Referatet vert godkjent
10/12	Næringsplanarbeidet ó Status Det vert vist til handsaming av næringsplanarbeidet i dei to førre møta. Næringsssjef Bård Sandal og Rådgjevar Totland frå BRB ga ein statusrapport over prosjektarbeidet så langt. Det vert elles vist til vedlagte dokument i saka. <u>Vedtak:</u> Statusrapporten vert teken til etterretning.
11/12	Sjølbyggjarprosjektet Styret i Regionrådet Vest har ved fleire høve drøfta eit eventuelt sjølbyggjarprosjekt i samarbeid med Husbanken etter ein modell som for ein del år sidan vart lansert i Meland kommune. Prosjektet går som kjent ut på at innsette/vanskelegstilte får høve til å engasjera seg med å byggja sin eigen bustad som ein viktig lekk i rehabiliteringa. Utfordringa med å lansere eit slikt prosjekt på ny, har m.a. vore å tilpassa seg offentleg innkjøpslovgeving/reglar og dessutan å tilpassa seg ny Plan og bygningslov. Frå møte 23/11 -11 heiter det: <i>Målgruppa er personar med spesielle vanskar, som finne det vanskelig å etablere seg på bustadmarknaden. Sjølbyggjarane vert engasjert i planlegging og praktisk arbeid knytt til oppføring og rehabilitering av eigen bustad.</i> <i>Nye rammevilkår (endringar i plan- og bygningslova, finansieringsordninga i Husbanken og LOFA m.v.) gjer det naudsynt å tenkja nytt. Viktig å fristille byggjeprojekt frå kommunane, dvs. organisert på annan måte enn sjølbyggjarprosjektet i Meland kommune ó der sjølbyggjarprosjektet har sitt opphav.</i> Styret slutta seg til framdrifta i saka Seinare har ein fått vedlagte statusrapport frå prosjekt som vart handsama i rådmannsmøte 26. mars d.å. Rådmannsmøte uttalar uttalar m.a.: öEndra prioriteringar i Husbanken gjer at det ikkje lenger er aktuelt å satse på sjølbyggjarprosjektet. Prioriterer samhandling om rus og psykiatri. For dei mest krevjande brukarane er det nødvendig med samarbeidí ..ö Rådmennene peika vidare på eit eventuelt samarbeid med Helse Bergen i denne lei på bakgrunn av ledige lokale i som Blå Kors tidlegare nytta på Askøy. Prosjektleiar Torgeir Sæter har arbeidd vidare med denne justerte retninga på bustadprosjektet og har

	<p>i sitt notat dagsett 4. mai 201 skissert ei justering prosjektet i retning av Rusomsorg og lagt opp ei avklarande framdrift for prosjektet.</p> <p>Rådmennene handsama notatet i sitt siste møte og slutta seg til innhald og framdrift.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styret i Regionråd Vest har merka seg endringa i öSjølvsbyggjarprosjektetö og sluttar seg til den justerte kurs med innhald og framdrift..</p>
12/12	<p>Betre saman for barna</p> <p>Prosjektleiar Torgeir Sæter har teke over dette prosjektet grunna sjukdom, han har gitt denne statusrapporten.</p> <p>Hovedprosjektet startet i august 2011, men hadde en noe redusert aktivitet fram til april 2012. Fylkesmannen har tildelt prosjektet kr 250.000 for 2012, samt at det er overført kr 275.000 i unyttede øremerkede midler fra 2011. Økonomisk ramme for 2012 er dermed kr 525.000.</p> <p><u>Status:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Prosjektgruppen er utvidet med en representant fra Bufetat og en fra Helse Bergen. • Igangsatte tiltak/ arbeidsgrupper: <ul style="list-style-type: none"> ○ Oppfølging fosterhjemsplasserte barn <ul style="list-style-type: none"> ▪ Vurderer ulike samarbeidstiltak, deriblant etablering av et felles kontor/avdeling for denne tjenesten. Vertskommuneløsning mest aktuelt. Utredningen fra arbeidsgruppen planlagt ferdig før sommerferien, kan bli vanskelig. ○ Karrierebygging <ul style="list-style-type: none"> ▪ Utreder hvordan tilby karriereveier som blir opplevd som utviklende og gode, slik at dyktige fagfolk blir i kommunen istedenfor å søke seg til jobber i stat/ andre steder. ○ Arbeidsvilkår <ul style="list-style-type: none"> ▪ Vurderer arbeidsavtaler og órdninger som er mer tilpasset faktiske arbeidstider og óppgaver i barnevernet. Blant annet relatert til faktisk døgnbasert vaktberedskap. ○ Kompetanseplan <ul style="list-style-type: none"> ▪ Få på plass en kompetanseplan som er med på å gi et faglig og tverrfaglig løft utover det den enkelte kommune kan tilby. • Planlagte tiltak/ arbeidsgrupper: <ul style="list-style-type: none"> ○ Barnevernsvakt. Utredning starter opp etter sommerferien. Vil vurdere muligheten for en regional barnevernsvakt, gjerne knyttet til et døgnbemannet barnevernstilbud (for eksempel Villa Vil). • Fokus videre er å få på plass konkrete regionale tiltak, samt styrke ambisjonen med prosjektet; <ul style="list-style-type: none"> ○ Løfte arbeidet med vern av barn utover det en enkeltkommune kan, og som har nasjonal interesse. Gjerne strukturendringer som krever dispensasjon fra lover. <p><u>Vedtak:</u> Styret tar statusrapporten til etterretning.</p>
13/12	<p>Plan og byggesak</p> <p>Styret har tidlegare vedtatt at det skal arbeidast vidare med prosjekt innan byggesak. Det har vore ein del møte og også rapportering til styret om planlagt arbeid, men kapasiteten og høgt arbeidspress har gjort fokuset på prosjektet noko mindre enn ynskjeleg.</p> <p>Prosjektet/prosjekta innan både plan og byggesak er veldig sentrale i eit samarbeid mellom kommunane. Ein kan utvida prosjektarbeidet i det omfang det er politisk interesse for. Arbeidet er</p>

	<p>strategisk og gjev høve til framtidig samarbeid og rollefordeling i vid forstand om ynskjeleg. Finansieringa av prosjektet er akkurat no rimeleg god. Kapasiteten i prosjektarbeidet er no endra i og med at prosjektleiar Torgeir Sæter er motoren i prosjektet. Han har strukturert prosjektarbeidet slik det er skissert i vedlagte notatet over. Rådmennene slutta seg til status med mål og innhald i sitt møte 14. mai d.å.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styret er nøgd med at dette prosjektet no vil få betre framdrift og sluttar seg til prosjektet sitt mål og innhald.</p>
14/12	<p>Vedtektene i regionrådet</p> <p>I sist styremøte var det til førehaving sak omkring vedtektene. Styret hadde bede om ei sak der ein ynskte å vurdere kostnadsdelinga mellom kommunane nærare.</p> <p>Styret gjorde i møte vedtak om å utsetja saka til neste styremøte.</p> <p>Følgjande utgreiing vart lagt fram i sist møte:</p> <p>Bakgrunn Styret har bede om ei sak om den økonomiske delingsnøkkelen for utgifter i Regionrådet. Område som må avklarast er :</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Fordeling av utgifter til sekretariat ○ Medlemskontingent ○ Modell for deling av andre kostnader <p>Gjeldande vedtekter er vedtekne av dei fire kommunestyra.</p> <p>Saksopplysningar Praksis, dei to åra som har gått, er at alle driftskostnader blir fakturert kommunane med 50% etter folketal og 50% flatt. Dette gjeld alle driftsutgifter utanom sekretariatskostnadene. I praksis gjeld det hovudsakeleg utgifter til prosjektarbeid. Ordninga er slik organisert at dei som har utgiftene sender avrekning til dei andre kommunane for kvart prosjekt. Alle prosjekta har ein øiegarkommuneø som syter for mellombels finansiering og så avrekning andsynes dei andre.</p> <p>§ 4 i vedtektene har vore tolka slik at kostnadane til sekretariat har vore dekt av den kommunen som har hatt leiar i regionrådet. Såleis har Øygarden kommune fullt ut dekt utgiftene i 2010 og 2011. Sekretariatet er både den sekretariatsfunksjonen som er knytt til arbeidet i regionrådet og den løyvde 20% stillinga inn mot sekretariatet for samhandling med Helse Bergen. Dette siste har på grunn av samhandlingsreforma og arbeidet med avtalar mellom kommunar og helseføretak, frå hausten 2011 og ut første halvår 2012 blitt ei mykje større oppgåve enn forventa.</p> <p>§ 5 gjeld medlemskontingent og modellen for denne. Så langt har det ikkje vore kravd medlemskontingent frå kommunane, det gjer også at det heller ikkje er lagt budsjett for regionrådet. Det er såleis i tråd med ei organisering som er optimalt flat.</p> <p>Erfaringar frå andre regionråd Det er ulike finansieringsmodellar for interkommunale samarbeid rundt omkring i landet.</p> <p><u>Salten Regionråd</u>, som er samansett av 9 kommunar har ei ordning med kostnadsdeling etter folketal.</p> <p><u>Nord-Gudbrandsdal</u> som er ein region med 6 kommunar har ei ordning med deling av kostnadene der 50% vert delt etter folketal medan 50% vert delt likt.</p> <p><u>Samarbeidsrådet for Sunnhordland</u> er eit IKS og er samansett av 8 kommunar. Kostnadene vert dekkja med eit likt grunntilskot frå kvar kommune og eit tilleggstilskot pr. innbyggjar i kvar kommune. For 2012 er tala kr. 5.000,- pr. kommune og kr. 20,- pr. innbyggjar. I tillegg kr. 2,- pr</p>

	<p>innbyggjar som skal gå til eigendel prosjektarbeid.</p> <p>Når det gjeld <u>ordinært medlemskap i KS</u> vert dette godtgjort for 2012 med kr. 27,23 pr innbyggjar og eit grunnbeløp på kr. 71.900. pr. kommune.</p> <p>Saka omkring økonomiordning i Regionrådet vert med dette lagt fram for drøfting i sak om Vedtekter.</p> <p>Saka vert med dette lagt fram på ny.</p> <p><u>Vedtak:</u> Regionrådet tar opp denne saka på nytt når alle fire kommunane har hatt leiaransvar i regionrådet. Evaluering haust 2017.</p>
15/12	<p>Regional transportplan</p> <p>Regional Transportplan er nyleg sendt m.a. til kommunane og regionråda til uttale. Fristen er sett til 30. juni 2012. Plandokumentet er kjent for kommunane og vert ikkje lagt ved som prenta vedlegg.</p> <p>I dokumentet vert det peika på dei nasjonale føringane:</p> <ul style="list-style-type: none"> - öStatlige, regionale og kommunale planprosesser som omhandler samferdsel samordnes, og at fylkeskommunene og kommunene har en aktiv rolle i statlig transportplanlegging - Fylkeskommunene som den nye store vegeieren i Norge bidrar aktivt til å følge opp miljømålene i samferdselpolitikken. - Areal- og transportplanleggingen samordnes slik at behovet for transport reduseres og grunnlaget for klima- og miljøvennlige transportformer styrkes. Planleggingen av sykkel- og gangveier vektlegges. - Klimagassutslipp, luftforurensing og støy reduseres og forebygges, og at det taes hensyn til klimaendringer i planlegginga av ny infrastruktur. - Det taes hensyn til næringslivets transport og at virksomheter som skaper tungtransport lokaliseres til områder med god tilgjengelighet til hovedvegnett, jernbane og havner. - Fylkeskommunene og kommunene i samarbeid med statlige fagmyndigheter bidrar til godsterminaler og havner utvikles som effektive logistikkutepunkt, og at det i planleggingen av sjøområder taes hensyn til farleden for skipstrafikken. - Infrastruktur for kollektivtrafikken, gang,- og sykkelvegnett og utbyggingsmønster vurderes i sammenheng for å øke tilgjengeligheten for alle brukere, og at planlegginga bidrar til et sammenhengende og universelt utformet gangnettö. <p>Dokumentet legg opp til fylgjande mål for planarbeidet tufta på nasjonale og regionale føringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Transporttilbodet skal bidra til positiv verdiskaping og sikra robuste bustad- og arbeidsmarknadsregionar. - Bergensområdet skal ha eit transportsystem og eit utbyggingsmønster som gjev god tilgjenge til viktige reisemål, og effektiv transport til brukarane. - I distrikta skal transporttilbodet gje betre framkome og reduserte avstandskostnader. <p>Transporttilbodet skal samstundes bidra til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - å betre trafikktryggleik og å redusera risikonivå, med særleg vekt på skredsikring. - Å oppnå viktige klima- og miljøpolitiske mål. - Å sikre tilgjenge for alle (universell utforming). <p>Transportplanen sitt Handlingsprogram har i del 1 eit oversyn over planlagde plantiltak. Her har Fylkeskommunen lagt opp til eit vidfemnande planarbeid som ivaretek ansvaret på ein grundig måte.</p> <p>Det er viktige prosessar som det er nyttig å vera delaktig i. Nokre av planane vil vera viktigare for Regionrådet Vest enn andre. Ein peikar særskilt på:</p>

- Tiltak 6.1.1. Samordna areal og transportplan. Denne vil vera grunnlaget for mykje av arbeidet som skal gjerast.
- Tiltak 6.1.3. Regionpakke Bergen vil sjølvstekt Region Vest vera ein naturleg og vesentleg aktør i.
- Tiltak 5.1.1/6.1.2. Ny kollektivstrategi vil etter nasjonale føringar vera langt viktigare enn nokon sinne.
- Tiltak 4.3.1. Utvikling av regionsentra som trafikale knutepunkt vil ha brei fokus på næring og tenester.
- Tiltak 4.1.1. Strekningsvise utgreiingar for overordna fylkesvegnett er det strategisk viktig å vera involvert i
- Deltema 4.4. Gang- og sykkelveggar vil få auka fokus.

Region Vest som femnar om kommunane Askøy, Sund, Fjell og Øygarden gjennomgår ei rivande utvikling med stor auke i næringsverksemd og folkesetnad.

Regionen har naturleg nok eit omfattande og aukande transportbehov

Det største og viktigaste sambandet som ein er oppteken av i Vest er nytt Sotrasamband. Dette er omtala og fremja i Nasjonal Transportplan som for tida er under handsaming.

Styret viser til plandokumentet og seier seg glad for prosjekta som er fremja for regionen og omland både i Handlingsprogrammet 2013 ó 2017 og i omtale for perioden 2018 - 2024.

Styret seier seg glad for det omfattande planarbeid det er teke initiativ til og ein ser det som viktig og føremålstenleg å arbeida mot felles løysingar for Region Vest i desse prosessane. Ein peikar særskilt på planane nemnt ovanfor som prioritert for Region Vest sitt vedkomande.

Utfordringane er omfattande på ei rekkje områder og Regionrådet Vest peikar på at løyvingane til fylkesvegnettet lyta aukast monaleg for å oppnå ei offensiv og tenleg utvikling

Regionrådet Vest syner til dei einskilde kommunane sine framlegg og vil elles for peika på fylgjande:

- Tilførselsvegane til det nye Sotrasambandet - Nord/sør trasear i Fjell og Sund lyt oppgraderast/utbyggjast i samsvar med vedtekne kommunedelplanar og synkroniserast med Sotrasambandet.
- Vegen til Askøy og trafikksituasjonen v/Liavatnet/Storavatnet lyt avklarast og få si tenleg løysing.
- Løyvingane til Fylkesvegnettet lyta ukast monaleg såleis at:
Askøypakken vert lagt inn først i perioden
Sambandet Vest/Tverrsambandet vert tidfesta
Bybanen i Bergen vert utbygd vidare/forsert m.a. mot vest
Mogeleggjering av andre prioriterte prosjekt
- I sør lyt fylkesveg 556 på sikt gjerast ferjefri for å få eit ringvegssystem som avlastar heile regionen.

Vedtak:

Følgande to strekpunkt blir lagt til planen:

- Grunnlaget for gjennomføring av mindre lokale prosjekt er forskotteringsordninga. Denne ordninga må difor vidareførast.

	<p>- Eit særmerke ved RegionVest er at her er to markerte senterområde, Kystbyen og Kleppestø. Dette må takast omsyn til i transportplanarbeidet.</p> <p>Notatet slik det ligg føre i saka, blir lagt fram for politisk handsaming slik den enkelte kommune finn best.</p>
16/12	<p>Næring ó organisering og fokus</p> <p>Næringsaktiviteten i regionen er sær s viktig og er ein vesentlig del av grunnlaget for den positive utviklinga regionen opplever. Kommunane i Vest er attraktive, har eit næringsliv som er i fremste klasse, med produksjon frå minste skala til verdsklasse. Kompetansen er høg og ein rekrutterer og konkurrerer om arbeidskraft og tiltrekkjer seg dei beste. Kommunane har vore opptekne av fortrinna sine og legg tilhøva til rette for stadig beste utvikling.</p> <p>Næringsverksemda i kommunal samanheng har ein tenleg overbygning med medlemskap i BRB, Business Region Bergen, som har eit vidfemnande ansvar i heile Bergensregionen. Ein opplever at dette er ein god ståstad med innbyrdes nytteverknad, både for den enkelte kommune, Regionen i vest og Bergensregionen.</p> <p>Kommunane Fjell, Øygarden og Sund har sitt eige selskap, Gode Sirklar A/S, med ein god organisasjonsform som i prinsippet er svært så fleksibel. Med sekretariatsfunksjon knytt til Sintef er modellen framtidretta og har dei beste føresetnader.</p> <p>Askøy kommune valde i si tid å satsa på eigne krefter i sin næringsorganisasjon og har lukkast svært godt med den modellen.</p> <p>Då Regionrådet Vest vart etablert for nokre år sidan innleidde dei 4 kommunane eit godt samarbeid og la tilhøva til rette for samarbeid mellom næringssjef i Askøy og Gode Sirklar A/S. Dette samarbeidet har gitt gode resultat og fungerer godt.</p> <p>Det har vore på tale å sjå nærare på denne organisasjonsforma, eventuelt med tanke på eit endå tettare samarbeid med å invitera Askøy inn i selskapet Gode Sirklar A/S.</p> <p>Dette har ikkje vore teke opp til realitetshandsaming, men ein har latt samarbeidet få utvikla seg vidare i dei åra Regionrådet har eksistert, og hatt fleire omfattande tema til handsaming i Regionrådet sitt styre, der innspela har vore gjort av Gode Sirklar A/S og Nærings sjefen saman ó og med godt resultat.</p> <p>Det har den siste tida vore drøfta nærare å replassere eigenkapitalen i selskapet frå eigarane si side. Fyrst og fremst for å ha tenleg arbeidskapital og god soliditet. Dette er delvis på plass på det noverande tidspunkt.</p> <p>Rådmennene har drøfta selskapsstrukturen/organisasjonsmodellen og ser det føremålstenleg å halda fram med ein todelt modell og gjerne styrka samarbeidet endå betre, men utan at dette vert formalisert med noko alternativ eigarskap i høve nosituasjonen.</p> <p>Regionrådet Vest sitt styre er eit godt og tenleg reiskap til å gje dei naudsynte innspel og signal til organisasjonen. Dette av di det er samansett av ordførarane i Regionen og av di styret i Gode Sirklar A/S er samansett av dei tre ordførarane i Fjell, Sund og Øygarden.</p> <p>Dette inneber som no, at ein har eit bevisst auga på den juridiske og økonomiske sida av modellen og oppdraga som vert gjevne. Kostnadsdelinga lyt vera som no ved at Askøy dekkjer sine utlegg ved sitt eige tenesteapparat, medan dei tre andre kommunane dekkjer Gode Sirklar A/S sitt engasjement.</p> <p><u>Vedtak:</u> Det noverande næringssamarbeid mellom næringssjefen i Askøy og Gode sirklar A/S held fram som ein tenleg og god modell for dei fire kommunane sin næringsfunksjon i Regionen. Styret i Regionrådet Vest har som oppgåve å samordna innsatsen på nærings sida.</p>

17/12	<p>Tinget i Vest</p> <p>Etter møteplanen er Tinget i Vest sett på dagsorden den 17. sept. 2012.</p> <p>Denne gongen er det Øygarden som vert tingstad.</p> <p>Rådmennene drøfta på sitt møte i mars mogelege tema for neste tingsete. Tilrådinga derifrå var å sjå nærare på ein planstrategi for regionen ó gjerne i eit prosessorientert arbeid i tinget.</p> <p>Leiaren syner til sist møte i Tinget og peikar på ynskje om nærare involvering i dei prosjektarbeid som er på gang.</p> <p>På bakgrunn av dette vil det vera føremålstenleg å invitera dei ymse prosjektleiarane til møte å foreta ein gjennomgang av dei største prosjekta som no er undervegs</p> <p>Vidare vil det vera tenleg i den politiske debatten omkring dei felles prosjekta å utfordra det politiske miljø til peika på den vidare retning og satsingsområder og såleis la tingseta meisla ut det strategiske samarbeidet framover i Regionen.</p> <p><u>Vedtak:</u> Det vert arbeid vidare med ei førebuing av tingseta 17.september i Øygarden der involvering og eigarskap til pågåande prosjektarbeid, samt vidare strategisk samarbeid står sentralt. Det vert sett av ein heil dag til møtet.</p>
18/12	<p>Evaluering av samarbeid i vest</p> <p>På bakgrunn av Tingseta sist og elles samarbeidet undervegs er det ytra ynskje om ei fortløpande evaluering av regionsamarbeidet.</p> <p>Tema vart drøfta</p>
19/12	<p>Meldingar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kommunal planstrategi - Byggeprosjekt lokalmedisinsk senter ó mandat for styringsgruppe - Oversikt over regionale prosjekt som har fått skjønsmidlar (vedlegg)
20/12	<p>Val av styrerepresentantar til Business Region Bergen</p> <p>Vi er invitert til å velja styrerepresentant(ar) til Styret i Business Region Bergen ó BRB. Det er tale om 3 politiske representantar. Ein av desse er vald av Hordaland Fylkeskommune, ein er vald av Bergen kommune og ein skal veljast av dei øvrige kommunane.</p> <p>Regionrådet Vest har her høve til å gjere seg gjeldande og t.d. gjera framlegg om at dei øvrige kommunane vert representert ved ein representant frå Vest.</p> <p>Regionen representerer ei tyngde i næringslivet ó er i ei rivande utvikling med vokster både i folkesetnad og sysselsetting. Ein ser det som naturleg at dei fire kommunane i vest, som utgjer over 60.000 innbyggjarar, får høve til å vere representant i dette styret.</p> <p><u>Vedtak:</u> Regionrådet Vest gjer framlegg om at Ove Bernt Trellevik eller Siv Høgtun vert vald inn i styret for Business Region Bergen.</p>

”BETRE SAMAN FOR BARNA”

Eit utviklingsprosjekt for betre vern av barn

HANDLINGSPROGRAM 2012-2013



Vedtatt i rådmannsmøte i Regionrådet Vest den



Askøy



Sund



Fjell



Øygarden

1. BAKGRUNN

Bakgrunnen for etablering av prosjektet "Betre saman for barna" er erkjenninga av at arbeidet med vern av barn i kommunar og stat ikkje er god nok. Det er mange dyktige og engasjerte fagfolk, mange gode og rette tiltak, mange engasjerte politikarar – men likevel er den samla innsatsen ikkje god nok.


Det er auke i tal barnevernsaker, utgiftene til det kommunale og statlege barnevernet har auke betydeleg dei siste åra – samtidig som det er dokumentert at hjelpeapparatet ofte kjem for seint inn i sakene, at det for ofte tar for lang tid å sette inn tiltak og at tiltak og innsats ikkje er godt nok samordna, og at oppfølging og ivaretaking av dei barna kommunane har tatt omsorga for i fleire høve er mangelfull.

Vidare er det i fleire utredningar dokumentert at samhandlinga mellom det statlege og kommunale barnevernet er mangelfull, og at ansvar- og oppgåvedelinga mellom stat og kommune bør endrast.

Med det som bakteppe vedtok styret i Regionråd Vest, og kommunestyra i dei fire kommunane Askøy, Sund, Fjell og Øygarden – å opprette prosjektet "Betre saman for barna" i 2010.

Det er viktig å merke seg at prosjektet gjeld vern av barn, og ikkje berre barnevern. Førebygging og samordna, heilskapeleg innsats er plattformen prosjektet er tufta på.

Prosjektet har ein illustrasjon som fortel noko om status på arbeidet med vern av barn, og noko av utfordringane prosjektet vil ta tak i – **svikt i tiltakstrappa**.



2. MÅLSETTING OG RAMMER

2.1 Målsetting


- Sikre barnets rett til hjelp og har MOT til å handle
- Gi tidleg, rask og rett hjelp gjennom å forskyve ressursar og innsats
- Tydeleggjere ansvar og roller i tverrfagleg samhandling – på tvers av ulike aktørar
- Vi vil ha eit barnevern som har eit samla og heilskapeleg ansvar for tenestene

2.2. Strategi

Strategien for å realisere målsettingane er;

- Tverrfagleg, heilskapeleg og samordna innsats både i prosjektarbeidet og i dei tiltak som vert satt i gang.
- Fokus på førebygging på fleire nivå.
- Tenke regionale fellesløysingar der det er hensiktsmessig og kan gi betre resultat.
- Involvere tilsette, folkevalde og samarbeidspartnarar i heile prosessen.
- Involvere Bufetat, Helse Bergen, Politi, Fylkesmann og andre i prosess og tiltak.
- Vere i dialog med og nytte ressursar hjå departement, faglege ressurscenter og utdanningsinstitusjonar.
- Vere bevisst på at dei mest kompetente fagfolka bør arbeide nærast barna og familiane.
- Ha brukarfokus.

2.2 Organisering



Prosjektgruppe:


Siren Tumyr Nilsen	- Askøy
Inge Ekerhovd	- Sund
Tove Helleland	- Fjell
Åse Vik	- Øygarden
Ingunn Folkestadås	- Bufetat
Ingebord Moldstad	- Helse Bergen
Torgeir Sæter	- Regionråd Vest, prosjektleiar

2.4 Framdrift


Prosjektet "Betre saman for barna" starta som forprosjekt i 2010. Hovudprosjektet tok til hausten 2011, og er planlagt slutført 31.12.2013.

2.5 Økonomi

Prosjektet har fått tilskot frå Fylkesmannen i 2010, 2011 og 2012. Tilskotet frå 2012 er på kr 250.000. Det er overført kr 275.000 frå unytta midlar i 2011, slik at den økonomiske ramma for 2012 er på kr 525.000. Det vil bli søkt på ulike tilskot for 2013.



3. TILTAKSMODELL FOR PROSJEKTET



Prosjektet vil utvikle samarbeid med ulike tenester og samarbeidspartar på dei ulike tiltaksnivåa. Innsatsområde som vert prioritert er der ein kan forvente at det regionale samarbeidet vil føre til betre tenester.

4. HANDLINGSPROGRAM 2012 - 2013

Prosjektet er i stadig utvikling, og i samhandling med sine omgjevnader. Det betyr at nye tiltak og innsatsområde kan komme til undervegs.

Arbeidsmetoden i prosjektet er å etablere arbeidsgrupper med tverrfagleg deltaking på dei tiltaka som er vedtatt. Arbeidsgruppene er i jamn dialog med prosjektleiar og prosjektgruppe, og har ein tidsfrist på å levere sine utgreiingar. Det er eit siktemål å knyte til oss eksterne ressurspersonar i dei ulike prosessane, der det er hensiktsmessig. Generelt skal arbeidsgruppene levere to forslag. Eitt innafor noverande økonomiske rammer, og eitt forslag med ei viss auke av rammene.

Tiltak	Mål	Oppstart	Frist	Merknad
Oppfølging fosterheimplasserte barn	Region Vest har en felles oppfølging av fosterheimplasserte barn, og tilsyn med plasserte barn, som sikrar at aktuelle barn/ungdom og fosterforeldre opplever å bli ivaretatt og fylgt godt nok opp.	01.02.12	01.09.12	
Karrierebygging	Region Vest har karrierevegar som er så attraktive og blir opplevd såpass interessante at vi utviklar, beholder og rekrutterer høgt kompetent personell til barnevernet.	01.05.12	01.11.12	
Kompetanseplan	Tilsette i Region Vest som arbeider med betre vern av barn skal utvikle eigen og felles kompetanse innafor prioriterte satsingsområd i prosjektet "Betre saman for barna". Auka kompetanse skal føre til opplevd meistring av fagleg arbeid, og auka motivasjon for kvalitetsarbeid.	01.05.12	01.10.12	
Arbeidsvilkår	Arbeidsavtaler og arbeidsvilkår er tilpassa oppgåvene som ligg til barnevernet, og dei tilsette har lønns- og arbeidsvilkår som er samanliknbare med andre kommunale tenester.	01.05.12	01.09.12	
Barnevernsvakt	Kommunane i Region Vest har operativ barnevernsvakt heile døgnet.	01.09.12	01.01.13/ 01.04.13	Utgreiing i 2012, implementering i 2013
"Betre saman med skule"	Bekymringsaker, metodikk og rutinar knytt til overgangar mellom barnehage – skule – ulike skulenivå , og andre sider knytt til utveksling mellom skule og barnevern/helse, er slik at barn med ulike behov får god og rett oppfølging.	01.10.12	01.06.13	Utgreiing og iverksetting av tiltak undervegs i prosessen
START-samtalar i barnehagane	START-samtalar vert nytta systematisk i alle barnehagar i dei fire kommunane. Gjennom samtalen vert det enkelte barn kartlagt og eventuelle behov for ekstra oppfølging vert avklart og fylgt opp.	01.10.12	01.06.13	Utgreiing og iverksetting av tiltak undervegs i prosessen
Regionalt senter for barn og familie (endre namn)	Det skal vurderast etablering av 1-2 regionale senter for læring, meistring, støtte/avlastning, akutt plassering, barnevernsvakt, kompetanseutvikling og anna.	01.09.12	01.06.13	Utgreiing i 2012-2013, implementering i 2013
Felles utredningsteam	Det skal utgreiast om det er hensiktsmessig med felles utredningsteam, og samling av funksjon som til dømes sakkyndig utgreiing.	15.08.12	31.12.12	Utgreiinga vil avklare eventuell vidare innsats
Fagsamlingar	Det skal haldast fagsamlingar med inviterte foredragshaldarar og gjerne workshop.		Haust 2012 Haust 2013	

5 ARBEIDSGRUPPER OG MANDAT

OPPFØLGING FOSTERHJEMSPLASSETE BARN Mandat arbeidsgruppe

BAKGRUNN

I Region Vest er prosjektet "Betre saman for barna" i arbeid for å få til bedre vern av barn. Prosjektgruppen har etablert flere tiltak, og det skal være en arbeidsgruppe for hvert av disse.

Bakgrunnen for temaet og arbeidsgruppe om oppfølging forsterhjemsplasserte barn, er at denne delen av barneverntjenesten har sine utfordringer som gjerne best kan ivaretas gjennom regionalt samarbeid/ regionale tiltak. Oppfølginga av de aktuelle barna er et prioritert område for å løfte vern av barn i regionen.

MÅLSETTING

Region Vest har en felles oppfølging av fosterhjemsplasserte barn, og tilsyn med plasserte barn, som sikrer at aktuelle barn/ungdom og fosterforeldre opplever å bli ivaretatt og fulgt godt nok opp.

RAMMER OG FREMDRIFT

Fremdrift

01.04.12 – 31.06.12	Utgreiing, forslag på løsnings
31.06.12 – 01.11.12	Konkretisering av forslag

Økonomi

Det er ikke avsatt egne midler til arbeidet.

Det skal utredes to alternativ:

- tiltak innenfor nåværende økonomiske rammer
- tiltak som innebærer en nøktern økning av økonomiske rammer

Arbeidsgruppe

Sund	Therese Carlson
Fjell	Bård Tyldum
Øygarden	Bente Cecilie Foss
Askøy	Gro Kyte

Arbeidsgruppen velger selv leder, skriver referater - og leverer sine forslag til prosjektleder.

ARBEIDSVILKÅR

Mandat arbeidsgruppe

BAKGRUNN

I Region Vest er prosjektet "Betre saman for barna" i arbeid for å få til bedre vern av barn. Prosjektgruppen har etablert flere tiltak, og det skal være en arbeidsgruppe for hvert av disse.

Bakgrunnen for temaet og arbeidsgruppe om arbeidsvilkår, er at ansatte i barnevernstjenestene utfører arbeid til ulike tider på dagen, og i noen tilfeller må en stille på kveld/helg i akutt situasjoner. Det og andre forhold som er relevante blir å ta opp i arbeidsgruppen, for å sikre at de ansatte har gode arbeidsvilkår.

MÅLSETTING

Arbeidsavtaler og arbeidsvilkår er tilpasset oppgavene som ligger til barnevernet, og de ansatte har lønns- og arbeidsvilkår som er sammenlignbare med andre kommunale tjenester.

RAMMER OG FREMDRIFT

Fremdrift

01.04.12 – 01.09.12	Forslag på tiltak, kort sikt
01.09.12 – 31.12.12	Forslag på tiltak, lang sikt
Underveis og før slutt	Avklaringer med styringsgruppene (rådmannsmøtet) om realisme i tiltak

Økonomi

Det er ikke avsatt egne midler til arbeidet.

Det skal utredes to alternativ:

- tiltak innenfor nåværende økonomiske rammer
- tiltak som innebærer en nøktern økning av økonomiske rammer

Arbeidsgruppe

Øygarden	Åse Vik (leder)
Fjell	Tove Helleland
Fjell	Bård Tyldum
Sund	Therese Carlson
Askøy	Gretha J Haugen
Tillitsvalgt	Anne Sissel Oen

KARRIEREBYGGING

Mandat arbeidsgruppe

BAKGRUNN

I Region Vest er prosjektet "Betre saman for barna" i arbeid for å få til bedre vern av barn. Prosjektgruppen har etablert flere tiltak, og det skal være en arbeidsgruppe for hvert av disse.

Bakgrunnen for temaet og arbeidsgruppe om karrierebygging er at kommunene opplever å være en opplæringsarena for mange. Videre at dyktige medarbeidere enten ikke søker seg til kommunen, eller søker seg bort etter en tid og etter å ha fått god opplæring/ kompetanseheving.

Kommunene i regionen vil ha ansatt de beste fagfolkene, og da må forholdene legges til rette for at de søker og/eller blir i de kommunale tjenestene. Vi må kunne tilby faglig og personlig utvikling gjennom karriereveier som oppleves som givende og interessante.

MÅLSETTING

Region Vest har karriereveier som er så attraktive og blir opplevd såpass interessante at vi utvikler, beholder og rekrutterer høyt kompetent personell til barnevernet.

RAMMER OG FREMDRIFT

Fremdrift

01.05.12 – 31.10.12 Utgreiing, forslag på løsninger

Økonomi

Det er ikke avsatt egne midler til arbeidet.

Det skal utredes to alternativ:

- a) tiltak innenfor nåværende økonomiske rammer
- b) tiltak som innebærer en nøktern økning av økonomiske rammer

Arbeidsgruppe

Sund	Helene Møgster	helene.mogster@sund.kommune.no
Askøy	Elisabeth Mallesvik	elma@askoy.kommune.no
Askøy	Siren Tumyr Nilsen	sini@askoy.kommune.no
Øygarden	Hilde Lønøy	HildeMartinussen.Lonoy@oygarden.kommune.no
Fjell	Laila Grønn-Jensen	Laila.Gronn-Jensen@fjell.kommune.no

Arbeidsgruppen velger selv leder, skriver referater - og leverer sine forslag til prosjektleder.

KOMPETANSEUTVIKLING

Mandat arbeidsgruppe

BAKGRUNN

I Region Vest er prosjektet "Betre saman for barna" i arbeid for å få til bedre vern av barn. Prosjektgruppen har etablert flere tiltak, og det skal være en arbeidsgruppe for hvert av disse.

Bakgrunnen for å styrke arbeidet med kompetanseutvikling, er at vi vil styrke kvalitet og kapasitet på tjenestene rundt barn og familier i kommunene. Vi ønsker å tilby faglig og personlig utvikling for våre ansatte, slik at de opplever mestring og ønsker å arbeide i kommunene.

MÅLSETTING

Ansatte i Region Vest som arbeider med bedre vern av barn skal utvikle egen og felles kompetanse innefor prioriterte satsingsområder i prosjektet "Betre saman for barna". Økt kompetanse skal føre til opplevd mestring av faglig arbeid, og økt motivasjon for kvalitetsarbeid.

RAMMER OG FREMDRIFT

Fremdrift

01.05.12 – 30.10.12 Utgreiing, forslag på løsninger

Økonomi

Det er ikke avsatt egne midler til arbeidet.

Det skal utredes to alternativ:

- a) tiltak innenfor nåværende økonomiske rammer
- b) tiltak som innebærer en nøktern økning av økonomiske rammer

Arbeidsgruppe

Sund	Inge Ekerhovd	prosjektgruppen
Øygarden	Øyvind Strandheim	skole
Fjell	Astrid Soltvedt	barnehage
Sund	Anita Krøvel-Velle	helse
Askøy	Gro Kyte	barnevern

Arbeidsgruppen velger selv leder, skriver referater - og leverer sine forslag til prosjektleder.

BARNEVERN SVAKT

Mandat arbeidsgruppe

Utkast pr 07.08.12

BAKGRUNN

I Region Vest er prosjektet "Betre saman for barna" i arbeid for å få til bedre vern av barn. I "Handlingsprogram 2012-2013" er utgreiing om etablering av felles barnevernsvakt ett av tiltakene, med oppstart 01.09.12.

Grunnen til at felles barnevernsvakt er ett av tiltakene i prosjektet, er behovet for vaktordning alle dager i uken og en bedre samordning av vakttjenesten med det øvrige barnevern. Ordførerne har bedt om at det kommer på plass barnevernsvakt alle dager for regionen. Kommunene i Region Vest har i dag avtale med Bergen kommune om barnevernsvakt i helgene.

MÅLSETTING

Kommunene i Region Vest har operativ barnevernsvakt hele døgnet.

AKTUELLE FOKUSOMRÅDE

- Avklaring på faglige, juridiske og økonomiske rammer for regional barnevernsvakt
- Hva bør og kan legges inn i en regional barnevernsvakt
- Faglige, økonomiske og organisatoriske gevinster med felles barnevernsvakt
- Forslag på etablering av regional barnevernsvakt
 - Økonomi, organisering, lokalisering, faglig innhold, avklaring ansvar og oppgaver i henhold til lover og funksjonell tjeneste
- Forslag på samarbeid med Bergen kommune som alternativ til etablering av egen vaktordning

RAMMER OG FREMDRIFT

Fremdrift

01.09.12 – 31.12.12	Utgreiing, forslag på løsninger
01.01.13 – 01.03.13	Formell behandling i kommunene, med kommunestyrevedtak
01.03.13 – 01.06.13	Etablering dersom kommunestyrene vedtar dette.

Økonomi

Det er ikke avsatt egne midler til arbeidet.

Arbeidsgruppe

Kommune	navn	epostadresse
---------	------	--------------

Arbeidsgruppen velger selv leder, skriver referater - og leverer sine forslag til prosjektleder.

FELLES UTREDNINGSTEAM

Mandat arbeidsgruppe

Utkast pr 07.08.12

BAKGRUNN

I Region Vest er prosjektet "Betre saman for barna" i arbeid for å få til bedre vern av barn. I "Handlingsprogram 2012-2013" er felles utredningsteam ett av tiltakene, med oppstart 15.08.12.

Grunnen til at "Felles utredningsteam" er et prioritert tiltak i regionen er at kommunen kjøper tjenester fra private, og ser nytten i å kunne bygge opp en egen, regional ordning som dekker mye av de oppgaver som enten kjøpes eller er noe mangelfulle i dag.

MÅLSETTING

Det skal vurderes om det er hensiktsmessig med felles utredningsteam, og samling av funksjon som sakkyndig utgreiing, juridisk bistand, og annet.

AKTUELLE FOKUSOMRÅDE

- Hvilke tjenester kan være aktuelle inn i en regional fellesløsning.
- Faglige, økonomiske og organisatoriske gevinster med felles utredningsteam alle dager i uken
- Forslag på etablering av felles utredningsteam i regionen

Adresse
Regionrådet Vest co/Sund kommune
Postboks 23
5371 Skogsvåg

Telefon leiar: 56 32 75 00
Telefaks: 56 32 75 01
E-post: post@regionradetvest.no
Nettstad: www.regionradetvest.no/

